

Imponerende Disney-musikal!

Laurdag ettermiddag var det premiere på Bømlo Musical Laug sin Disney-musikal, eller "Zero to Hero -historia om Disney", som er det offisielle namnet. Og det var all grunn for publikum til å verta imponert. Dette var triveleg og kjekt og profesjonelt - i den mest positive tydinga av ordet!

Stein Erik Ovesen

Ved mange høve har undertekna vore innoventane til både teater, dans, show og musikal som er sett opp av lokale krefter. Og på det viset hatt ei viss formeining om kva som venta på premieren. Men denne gongen hadde eg, av praktiske årsaker, ikkje fått med meg noko av den prosessen som har lege mellom audition seinhaustes og premieren på laurdag ettermiddag. Såleis var eg svært spent på kva denne Disney-musikalen ville innebera, og ikkje minst avdi det fra tilskiparane si side har vore sagt at dette nærast skulle vera eit «kvileskjær» mellom to større framsyningar - oppsetning nummer to av "Jesus Christ Superstar" i fjor og eitkvart stort neste år. Men framsyninga var ikkje mange minuttane gamal før eg med meg sjølv heilt klart slo fast at dette var imponerende og stort! Det var slett ikkje noko "pauseinnslag" mellom to større musikal, men ei original-laga framsyning som høvde skikkeleg godt for heile familien - både dei heilt unge og langt opp i besteforeldre-alder og meir enn det. For kven har ikkje eit tilhøve til Disney sine rollefigurar, song og musikk? Og når dette attpåtil vart framført med innleving og dyktighet, ja da måtte det heile berre verta skikkeleg bra!

Fleire av aktørane på scena var "gamle travarar" frå ulike samanhenger opp gjennom åra - både fra lokalt teater, dans, show, musikal og i andre samanhenger. Men det var også "importerte" krefter både fra Oslo, Haugalandet og Stord, og det var meir ferske aktørar herfra Bømlo. Dei har alle saman tydeleg gjennomført omfattande og god innstudering av song, dans og skodespel. Og når det verste premierepresset hadde lagd seg etter dei første nummera, var det smil og glede over framføringane. Noko som også tydeleg smitta over på publikum. For den første delen av første akt sat publikum berre og var stille og høflege og tok i mot prestasjonane på scena. Men etterkvart som både publikum og aktørar vart litt varmare i trøya, kom det både meir reaksjon frå publikum undervegs med kraftig applaus etter einskild-nummera. Og eit tydeleg teikn på at dette verkeleg fenga på publikums plass var det at alle dei unge barna som sat i salen var musestille og heilt trollbundne undervegs i framsyninga. Etter at dei var komne på plass att etter den ti minutt lange pausen mellom dei to aktene var det litt uro mellom dei aller yngste. Men straks musikken spelte opp og musikalen var i gong att, sat både dei og alle dei litt eldre barna i alle aldrar musestille og heilt fjetra av songen, musikken, dansen og handlinga i framsyninga. Det var då slett ikkje uventa med langvarig og svært så kraftig applaus då dei siste tonane hadde tona ut i salen! Då hadde det vore kjekt dersom det hadde vore eit aldri så lite ekstra-nummer på lur... for dei kring 150 publikumarane ville så absolutt ha meir!

Grunna manglande gode nok innandørs scenetilhøve i Bømlo, var både premiere og dei tre påfølgjande framsyningane av Disney-musikalen no i helga lagd til Staalehuset i Haugesund. Der hadde forfattar og regissør Birgit Amalie Nilssen og alle folka hennar laga til intim og spanande teatersal, med stor scene og fleire etasjar oppover der koret var plassert, grei plass i fleire høgder til orkesteret - og god plass til eit stort publikum. Slik BØMLO-nytt fekk opplyst, var det visstnok plass til kring 500 publikumarar, så det var god plass til fleire enn dei kring 150 som var til stades under premieren. Samstundes som lokalet var slik at det langt fra såg ut til at det var plass til mange, mange fleire. Avstanden frå Bømlo til Haugesund gjorde nok sitt til at det ikkje var fleire til stades under premieren, pluss ikkje minst det at det var så fantastisk flott vårver denne ettermiddagen - slik at mange sikkert prioriterte å driva med utandørs aktivitetar. Så slik sett må ein kunne tru at det ikkje minst søndag ettermiddag var fleire tilskodarar til stades, også etter at "jungeltelegrafan" hadde gått frå deisom var til stades under premieren og den andre framsyninga på laurdag. Og med den imponerende og ikkje minst kjekke musikal-framsyninga, burde minst eit par tusen bømlingar ha fått med seg "Zero to Hero -historia om Disney"! Eg veit ikkje om det er mogeleg, av praktiske og tekniske årsaker, å få til ei utandørs framsyning i Moster Amfi av denne Disney-musikalen når det har vorte sommarvarme på Bømlo. Men oppfordringa kan jo gå til Bømlo Musical Laug om å vurdere dette, og då kan jo me som var til Haugesund også få ein ny sjanse til å sjå på og høyra meir av Disney, framført i lokal produksjon!

Denne Disney-musikalen var eit samarbeid mellom heilt unge barn, ungdomar og vaksne. Ei slik bru mellom generasjonane er noko som er særst positivt for dei som er med i prosessen med innøving og framføring, og det er også med på å sikra den framtidige rekrutteringa til det lokale kulturlivet.

Etter to runder med "Jesus Christ Superstar" og no denne Disney-musikalen, er det heilt klart at Bømlø Musical Laug har kome for å vera og at dette laget har ei viktig oppgave i sin nisje i kulturlivet. I den mest positive tydinga av ordet profesjonell, kan ein nytta det både om dei tre ulike oppsetningane som lauset har hatt og om den innsatsen eit stort tal personar gjer på, ved og bak scena.

Avslutningsvis er det riktig å presisera at den imponerande, flotte og trivelege framsyninga av Disney-musikalen er eit resultat av samarbeid mellom svært mange. Dersom eg har tald rett ut fra det som står i det vesle programheftet, var det nitten skodespelarar/songarar på scena, åtte dansarar og eit kor på til saman 28 - der einskilde også var på scena i andre samanhenger. Så kjem eit drivande dyktig orkester, under leiing av Hans Gunnar Skreslett, på til saman åtte personar. I tillegg kjem innleigde, profesjonelle krefter på lyd og lys - som m.a. sytte for at all song og tale laud skikkeleg i heile salen.

Og så er det til saman kring 25 personar som har vore involverte bak scena og med ulike administrative og praktiske oppgaver. Det vil seia at denne «vesle» oppsetninga til Bømlø Musical Laug har engasjert innpå nitti personar - for å gleda fleire hundre personar med framsyninga si!